



**Saksframlegg**

**Søknad om dispensasjon for bygging av veg over gbnr. 92/21 til gbnr. 2**

Utval	Utvallsak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for plan og miljø**

**Dokument i saka:**

**Vedlegg**

- 1 1\_Skjema.pdf
- 2 9\_KORR\_Folgebrev\_2026-02-06 Rammesøknad Veg Fossum følgjebrev.pdf
- 3 Sv Uttale byggesøknad - omsøkt veg kryssar luftline – Anund Grane – Outlook.pdf
- 4 5\_KART\_Situasjonsplan\_Vedlegg 14 situasjonsplan med biloppstilling og snuplass - oversikt.pdf
- 5 16\_KORR\_AndreRedegjoerelser\_Vedlegg 7 - Fylkeskommunen presisering vedtak avkøyning.pdf
- 6 15\_KORR\_AndreRedegjoerelser\_Vedlegg 9 - Vestfold og Telemark fylkeskommune uttale ny avkøyning sør.pdf
- 7 13\_KORR\_AndreRedegjoerelser\_Vedlegg 10 - Uttale Bøhler.pdf
- 8 14\_KORR\_AndreRedegjoerelser\_Vedlegg 11 - Uttale Festervoll.pdf
- 9 Førehandsuttale til søknad om dispensasjon for etablering av hytteveg i LNF - gbnr. 92-21 og 92-2 - Fyresdal kommune.PDF
- 10 Ingen vesentlege merknader - dispensasjon - Fyresdal gbnr. 92/21 - 92/2 - etablering av hytteveg i LNF
- 11 25\_KORR\_Nabomerknader\_99\_Fv.355-Fyresdalsvegen481-gbnr.92-21-vei-Fyresdalkommune-Tilbakemeldingpåabovarsel.PDF\_86349229.pdf
- 12 11\_KORR\_AndreRedegjoerelser\_Vedlegg 16 - Merknadar 92-21 Rinden.pdf
- 13 Fossum gbnr. 92-2 - Søknad om dispensasjon frå kommunens arealdel
- 14 12\_KORR\_AndreRedegjoerelser\_Vedlegg 17 - Merknadar 92-2 Lervik.pdf
- 15 Vedtak sak 2011-655
- 16 Svar på nabovarsel - veg gbnr. 92/21

**Bakgrunn for saka:**

10. februar 2026 mottok kommunen ein søknad om rammeløyve for bygging av veg på gbnr 92/2 og 21 i Hauggrend frå Telemark jordskifterett. I rammeløyve er det vist til at kommunen ga dispensasjon til tiltaket 30.11.2022.

Kommunen ga føreløpig tilbakemelding til Telemark jordskifterett 12.02.2026 om at dispensasjonssøknaden måtte behandles på nytt, med bakgrunn i at søknaden i 2022 ikkje var førelagt regionale myndigheiter til uttale.

Det har også gått over tre år sidan vedtaket vart gjort.

Søknaden gjeld bygging av veg frå gardstunet på gbnr. 92/21 ned gjennom skogen til hytte ved Skredvatn på gbnr. 92/2. I omsøkt trase vil vegen vere ca. 320 m lang. Trase er valt etter rekviorentens forslag basert på eksisterande avkøyring frå offentleg veg. Vegen er planlagt etter landbruksveg klasse 5, i følgje tidlegare vedtak. Vegen vil lette tilkomst til fritidsbustad på gbnr 92/2.

Tiltaket krev dispensasjon frå LNF-føremål og byggjegrænse vatn i kommuneplanen sin arealdel. Vegen skal tene som tilkomst til fritidseigedomen gbnr. 92/2 og kunne nyttast av 92/21.


Søknaden har vore til førehandsuttale sjå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Telemark Fylkeskommune, begge svarar; *Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil komme vesentleg i strid med nasjonale eller viktige regionale omsyn vi skal take i vare i dispensasjonssaker.*

Planstatus: LNF i kommuneplanen sin arealdel. Føresegna til LNF seier; *i LNF-a områda skal omsynet til landbruk, natur og friluftsliv prioriterast. Det er her berre tillat med utbygging som er knytt til stadbunden næring.* Delar av tiltaket vil og ligge innafor byggjeforbodssona som er 50 m frå Skredvatn.

Arealet er i dag i all hovudsak skogsareal. Fritidsbustaden på gbnr 92/2 ligg på ein liten odde ved Skredvatn. Ei høgspenst linje kryssar eigedomen 92/21 nord sør.

Historikk: Sak 2011/655 søknad om dispensasjon frå kommuneplan for å bygge veg til gbnr 92/2 – vedtak 16.06.2011: Dispensasjon ikkje innvilga, påklaga – vedtak oppretthaldt av Fylkesmannen i Telemark.

Sak 2022/708 Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for å bygge veg til gbnr. 92/2. Vedtak 30.11.2022 dispensasjon innvilga med vilkår om utforming.



#### Vurdering etter naturmangfaldslova §§ 8-12

§ 8) Søk i offentlege kartbasar syner registreringar i naturbase og i kilden. Det er ikkje utført NiN kartlegging i området eller i andre områder i nærleiken. I naturbase er området markert som viktig for artar av nasjonal forvaltningsinteresse, dette gjeld hubro arealet er derfor maskert. I kilden.nibio finn ein at området ikkje er MiS NiN kartlagt, frå tidlegare MiS kartlegging ligg det

inne eit område for rik bakkevegetasjon frå 2009 so ikkje er utvald. Dette område ligg i planlagt trase.

**Objektinformasjon**

Koordinater      Alle livsmiljø ikke utvalgt      Objektinformasjon

Treff på 1 livsmiljø.

Livsmiljø	
MIS-versjon	konvertert
Utvalgt livsmiljø	ikke utvalgt
Livsmiljø	Rik bakkevegetasjon
Kartleggingsfirma	AT Skog SA
Kommunennummer	4032
Merknad til livsmiljø	Ukjent Vegtypekode=220
Registrerte rødlistearter	
ØKS id	
ØKS dato	
Unik ID	20110831-4120830
Kartleggingsdato	2009-03-12
Verifiseringsdato	2014-06-18

Haugland

§ 10) Tiltaket det vurderast og dispensere til er veg til ein fritidsbustad. Tiltaket er en veg på om lag 300 m i skogsterreng. Tiltaket vil føre til reduksjon i produktivt skogareal. I øvre delar av området vil vegtraseen leggast på ein traktorveg som ligg i kanten av innmarksbeite .

§ 9) kunnskapen om naturgrunnlaget i området er noko mangelfullt, det er heller ikkje nye kartleggingar i nærområdet. Med bakgrunn i dette meiner vi at førevar prinsippet gjer seg gjeldande i denne saka. Det bør utførast NiN kartlegging i området.

§ 11 og 12) Tiltaket vil føre til reduksjon i produktivt skogareal, det er usikkert om det vil føre til ulemper for viktig naturmangfald.

### Vurdering:

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for areal, klima og miljø.*

Grunneigar på gbnr. 92/21 ønskjer ikkje denne vegen, den vil heller ikkje vere naudsynt for drift av eigeidomen da dei har traktorslepe ned i terrenget i dag. Andre naboar til tiltaket har og stilt seg negative til etablering av vegen.

Skal vegen ha nokon nytte for drift av eigeidomen gbnr. 92/21 må avkøyringa kunne nyttast av tømmerbil. Det er gitt løyve til utvida bruk av dagens avkøyring, men dette gjeld berre for personbil. Det vil krevje relativt store inngrep for å legge til rette dagens avkøyring til krav for tømmerbil frå vegmyndigheita, det er heller ikkje gitt at det er plass til å legge til rette avkøyringa for tømmerbil der ho er i dag.

Ei eventuell vegbygging ned til gbnr 92/2 vil føre til ein relativt stor reduksjon av skogareal for ein eigeidom som i utgangs punktet ikkje er så stor. Ei eventuell skogsdrift på eigeidomen vil ikkje vere avhengig av ein veg for å kunne gjennomførast. Kunnskapen om naturmangfaldet i området er noko mangelfull og ein kan derfor ikkje seie noko om konsekvensen for naturmangfaldet.

Det er i søknaden angitt at vegen skal byggast etter standard for skogsbilvegar kl. 5. Denne standarden vil ikkje halde krav til framkome til brannbil, når det gjeld både bredde og stigningstilhøve. Snuplassen som er angitt på teikningane er også angitt som parkeringsplass. Ein snuplass forma som vendehamar vil ikkje samstundes kunne vere parkeringsplass, utan å utvidast i ein retning.

Skrevatn er regulert med ei reguleringshøgde på 4 m. NVE sitt akksamheitskart for flaum syner at hytta og strandsona der snuplass er plassert, ligg i flaumutsett område, maks stiging i vasstand er angitt til 5,08 m.

Ein parkerings- og snuplass i område rett ved hytta, vil føre til ein sterkare følelse av privatisering av strandsona.

### **Konklusjon:**

Plan og bygningslova § 19-2 2. ledd seier: *Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, hensynene i lovens formålsbestemmelse eller nasjonale eller regionale interesser, blir vesentlig tilsidesatt. Fordelene ved å gi dispensasjon skal være klart større enn ulempene.*

Ei total vurdering av tiltaket syner at ein vil sette omsynet bak LNF føremålet i planen vesentleg til side ved å legge beslag på ein relativt stor del skogsmark. Det vil også vere usikkerheit i høve naturmangfald.

Den som nyter fordel av tiltaket er hytteeigar og denne fordelene vil vere av personleg art og skal i utgangspunktet ikkje vere del av vurderinga knytt til pbl. §19-2.

Tiltaket vil vere eit relativt stor terrenginngrep, som reduserer areal med produktiv skog. Dette vil vere ei klart større ulempe enn fordelene med tilkomst til ei hytte.

### **Innstilling frå kommunedirektøren:**

Hovudutval for plan og miljø avslår søknaden om dispensasjon frå LNF- føremålet og frå byggegrensa til vatn i kommuneplanen sin arealdel, for etablering av veg og snuplass på gbnr 92/2 og 21., jf. Plan- og bygningslova § 19-2.

Vedtaket er fatta med heimel i plan- og bygningslova § 19-2.

Etter plan- og bygningslova § 19-2 kan kommunen gi dispensasjon dersom:

1. omsyna bak føresegna det blir søkt dispensasjon frå, eller omsyna i lova si føremålsføresegn, ikkje blir vesentleg tilsidesette, og
2. fordelene ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Begge vilkåra må vere oppfylte for at dispensasjon kan givast.

Ein vil her sette LNF- føremålet vesentleg til side ved etablering av veg. I dette tilfellet vil ulempene også vere klart større enn fordelene ved tiltaket.

Vilkåra for å kunne gje dispensasjon er dermed ikkje tilstades.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør